



MØTEBOK

Styremøte Røldal fjellstyre

Tidspunkt: Onsdag 29.07.20 klokka 18:00 – 21:00

Stad: Banken

Til stades på møte: Tor Helge Haara Tjemsland, Håkon Småbrekke, Randi Legård, Anne Marie G. Rabba, Andre Botnen

Saker til styremøtet

Sak 52/20: Utbetring Ståvassvikja

Sak 53/20: Utleige av Fjellstyrehyttene i jakta

Sak 54/20: Fjellstyret sine interesser – RSK konsesjon

Sak 55/20: Utbetring tak Ninive

Sak 56/20: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte

Sak 52/20: Utbetring Ståvassvikja

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Håkon skal inn med takstmann i nærmaste framtid. Fjellstyret må ta stilling til korleis dei vil forhalde seg til utfallet frå denne befaringa. Hytta må stabiliserast før vinteren, så handtverkar bør på banen så fort som råd.

Fonnafly har base på Haukeliseter frå og med 19. august. Å få desse til å fly inn hiv med nødvendig material/verktøy bør difor vera relativt rimeleg litt uti jakta.

Framlegg til vedtak:

- Positiv utfall frå forsikringssaka:
 - o Hytta vert sett i stand i henhold til rapport frå takstmann og utbetaling frå forsikringsselskap. får fullmakt til å oversjå og organisera dette.
- Negativt utfall frå forsikringssaka:
 - o får fullmakt til organisere utbetring av skaden. Fjellstyret ynskjer å rette opp og stabilisere hytta enklast mogleg. Handtverkar vert bedd om å leggje fram ein kostnadsoverslag som skal godkjennast av fjellstyremedlemmene via mail før arbeidet tar til.

Referat

Håkon har avtale med takstmann om å inn på fredag. Han spør Svein om å vera med på befaringa. Fjellstyret kompenserer i tilfelle for desse timane. Må forsøke å få fortgong i reperasjonen, då dette bør gjerast innan vinteren.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roidal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no

Vedtak

Håkon, Tor Helge og Randi får fullmakt til å setje i gong utbetringane ut frå rapporten til taksmannen. Om det vert eit negativ utfall frå forsikringssaka, skal heile fjellstyret godkjenne kostnadsoverslaget som vert lagt fram av snikker.

Sak 53/20: Utleige av Fjellstyrehyttene i jakta

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Fjellstyret må ta stilling til korleis ein skal handtera hytteutleige i jakta i desse koronatider.

Tor Helge kjem med fylgjande forslag:

Hyttene på Røldal Statsallmenning vert opne for bruk. Brukarar må så langt det er råd følge nasjonale retningslinjer for smittevern. Ein ber spesielt brukarane om å vere nøye med vask av hytta etter seg. Fjellstyret tar forbehold om at det kan kome endringar i nasjonale retningslinjer som medfører at fjellstyret kjem til å ta eigen utleigepraksis opp til vurdering.

Følgande reglar vil gjelde:

- Gamlabua og Ninive vert lagt ut til forhåndsreservering. Både innanbygds og utanbygds kan søkje. Søknadsfrist fredag 7. august.
- Innanbygds har fyrsteretten. Vert det fleire søkjarar, vert det eit trekning for innanbygds og ei trekning for utanbygds. Fjellstyret minner utanbygdsjegerar om moglegheiten til å nytte DNT-hytta Hellevassbu, om det ikkje er ledig i fjellstyrehyttene.
- Eriksbu: Vert open som vanleg, men berre for innanbygdsbuande. Det vert oppmoda til at jegerane, også innanbygds, fordeler seg på ledige hytter og rom så godt som råd.
- Gamlabua: Må reserverast på førehand. Om hytta er ledig, vil det verte fyrstemann til mølla. Det vert maksimum tillat for tre ulike «jaktlag» å overnatte på ein gong.
- Ninive: Må reserverast på førehand. Om hytta står ledig, vil det verte fyrstemann til mølla. Det vert maksimum tillat for tre ulike «jaktlag» å overnatte på ein gong.

Fjellstyret informerer kortkjøperane om dette via mail. Det vert også hengt opp lapp på handelslaget.

Ninive og Gamlabua vert låst opp til jakta. Organiserer stenging på dugnad, siste innanbygds heim kan forhåpentlegvis stenga. Informerar utanbygds om at hyttene berre er ope etter avtale etter 27. september. Ynskjer dei å nytte hyttene etter dette, må dei ha nøkkel med seg. Eriksbu vert opna/stengt av brukarane etter behov. Viktig å formidle at siste mann heim vinterstenger hytta.



Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat

Koronasituasjonen kompliserer i år utleige av hyttene. Det har vore visst mykje interesse frå utanbygdsjegerar angående leige av hyttene. Fjellstyret meiner innanbygds framleis skal ha fyrsteretten, men ser at det i år ikkje kan løysast på same måte som tidlegare år. Forslaget om å halde Eriksbu eksklusiv for innanbygdsjegerar bør sørge for at det blir ein tilnærma normalsituasjon for innanbygdsjegerane.

«Historisk» så er Eriksbu lite brukt dei fyrste vekene i jakta. At denne står tom, når det potensielt er utanbygdsjegerar som treng husvære, virkar unødvendig. Det kjem difor eit forslag om å ha søknad på denne også dei to fyrste vekene av jakta. Eventuelle innanbygdsjegerar vert prioritert her og. Dei som nyttar fjellstyrehyttene, kan også ha med seg ein kompis/bærehjelp (person utan fellingsløyve på HA280).

Vedtak

Hyttene på Røldal Statsallmenning vert opne for bruk. Brukarar må så langt det er råd følge nasjonale retningslinjer for smittevern. Ein ber spesielt brukarane om å vere nøye med vask av hytta etter seg. Fjellstyret tar forbehold om at det kan kome endringar i nasjonale retningslinjer som medfører at fjellstyret kjem til å ta eigen utleigepraksis opp til vurdering.

Følgande reglar vil gjelde:

- Gamlabua og Ninive:
 - o vert lagt ut til forhåndsreservering heile jakta. Både innanbygds og utanbygds kan søkje. Søknadsfrist fredag 7. august.
 - o Innanbygds har fyrsteretten. Det vert maksimum tillat for tre ulike «jaktlag» å overnatte på ein gong. Vert det fleire søkjerar, vert det eit trekning for innanbygds og ei trekning for utanbygds. Fjellstyret minner utanbygdsjegerar om moglegheiten til å nytte DNT-hytta Hellevassbu, om det ikkje er ledig i fjellstyrehyttene.
 - o Står opne i jakta, men kan verte vinterstengt frå 27. september. Brukarar etter dette må ha med seg nøkkel.
- Eriksbu:
 - o Innanbygdsbuane må reservere hytta frå 15. august til og med 1. september. Eventuelle søkjerar til Gamlabua i denne perioden vert tilbydd overnatting i Eriksbu i same periode.
 - o Hytta vert i september open som vanleg, men berre for innanbygdsbuande. Det vert oppmoda til at jegerane, også innanbygds, fordeler seg på ledige hytter og rom så godt som råd.

Eventuelle ledige senger i Ninive og Gamlabua etter søknadsfristen vil kunne reserverast etter «fystemann-til-mølla»-prinsippet.

Tor Helge forsøket å organisere stenging på dugnad. Sistemann innom hytta tar bilde av besøksprotokollen.



Sak 54/20: Fjellstyret sine interesser – RSK konsesjon

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Tor Helge vart kalla invitert til møte i regi av Grunneigarlaget den 08. juli. Hensikten med møte var å få innspel frå grunneigarar og rettighetshavarar i samband med ny konsesjon på vasskraftanlegga til RSK.

På statsallmenninga er Nupstjødn, Middyrvatna og Kaldevatnet regulert. I tillegg så vart det i si tid betalt erstatningar for fallrettigheit for Kvesso (frå Nupstjødn til statsallmenningsgrensa). Det vart for Kvesso også betalt gjerdeerstatning (bortfall av sjølvgjerd). Dessverre så fekk Fjellstyret desse betalingane utbetalt som eingongssum. Kva erstatningar det er snakk om på Kaldevatnet har til no vore uråd å nøste opp i.

Erstatningane for fiske i Middyrvatna, Nupstjødn og Kvesso var ubetydlige, om nokon.

Tor Helge la fram fylgjande punkt frå Fjellstyret på møtet 08. juli.

- Ynskjer at regulanten kostar fiskeutsetting i Nupstjødn, Middyrvatna og Kaldevatnet.
- Ynskjer full bruksrett på veg til Middy.
- Ynskjer at Fiskefondet i Røldal vert tilført meir pengar.

Det vert eit nytt møte 17. august. Tor Helge foreslår å leggje fram fylgjande revidert lista:

- Ynskjer eit krav til regulanten om å ta kostnaden med fiskekultivering i dei aktuelle vatna. Dette inneber, men er ikkje avgrensa til; prøvefiske minst kvart 8. år, innkjøp av godkjent settefisk, samt utsetting av denne. Fjellstyret, som rettighetshavar, ynskjer full kontroll over kultiveringa, og tar seg av det administrative arbeidet. Regulanten kompenserer for dette arbeidet med eit årleg beløp. (§20 i tilleggsreguleringa)
- Fjellstyret stiller spørsmål ved at ein ikkje vert kompensert for tapt fiske i dei aktuelle vatna. Prøvefisket til Hydro Energi i 2019 visar at det er fisk i vatna endå. Kvaliteten på fisken var svært bra. Rettsbøkene frå tilleggskonsesjonen på 70-talet visar at det også var fisk i vatna då også. Argumentet var at Nupstjødn, Vestre og Austre Middyrvatn har «typisk næringsfattig karakter». Vatna sine potensielle fiskeavkastning er difor ytterst små. Klimaet endrar seg no til det varmare, og dette vil påverke næringsgrunlaget i vatna. Følgjeleg så betyr dette at vatna vil kunne produsere meir fisk. Dette punktet må difor revurderast, og tapt fiske kompenserast.
- Fjellstyret krev bruksrett til sine rettighetshavarar på alle vegar anlagt på Røldal Statsallmenning. For å hindre stor ferdsel krev Fjellstyret av vegane framleis skal vera stengt med bom for fri ferdsel. Fjellstyret må likevel stå fritt til å tillate sine rettighetshavarar adkomst til Statsallmenning i samband med jakt og fiske. Dette kravet gjeld veg til Middy. Det må også avklarast ein gong for alle om Fjellstyret har krav på vegrett opp til Statsallmenninga på Kaldevatnet. Per i dag går vegen berre eit kort stykke over Statsallmenninga. Grunn til dam og anna infrastruktur vart i si tid skilt ut frå Statsallmenninga, og eigedommen tilhøyrer soleis regulanten no.
- Vedlikehald av vegar skal utførast av regulanten slik at vegen held tilfredstillande standard.



- Det må leggjast til rette for å enkelt kunne setje ut båt i dei forskjellige magasina. Tenkjer då på Votna, Kaldevatn og Austre Middyrvatn. Veg til vestre Middyrvatn vert sett i stand til der den går ned i fullt magasin.
- I konsesjonen §24 punkt 7, er det eit krav at det skal setjast av 50 000 kroner i eit eige fond (Fiskefondet i Røldal). Beløpet skal «anvendes etter kommunestyrenes nærmere bestemmelser til å fremme av fisket i kommunen». Dette tilsvarar 623 000 kroner i dag. Fiskefondet må som minimum fyllast opp til dette beløp. Helst bør det betalast inn eit årleg beløp. (Tenkjer ein det fyrste beløpet som ei eingongserstatning, så vert dette, delt på 15, 41 000 kroner i årleg beløp.)

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat

Fjellstyret diskuterte kort punkta i den reviderte lista over. Det kom ingen kommentarar til nye punkt, og fjellstyret samla seg om forslaga.

Vedtak

Tor Helge får fullmakt til å presentere punkta frå den reviderte lista på neste møte med Grunneigarlaget.

Sak 55/20: Utbetring tak Ninive**Saksdokument:**

Mail «Ninive» mottatt 27.07 frå Olav Hagen

Saksutgreiing:

Olav Hagen har vore på befaring og har gjeve ein tilstandsrapport over hytta. Denne rapporten er meint å nyttast til å betre kunne planlegge nødvendige utbetringar/vedlikehald dei neste åra. Det kjem fram frå befaringa at det bør gjerast utbetringar på taket så snart som råd, då torv, takpapp og knottplast er skada.

Eit forslag til utbetring av novarande tak visar ein kostnad på om lag 12000,- eks mva. I tillegg kjem arbeid og helikoptertransport. Fjellstyret må ta stilling til korleis ein skal utbetre skaden.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat

Tilstanden til hytta visar at det må gjerast eit stor utbetring av hytta i nærmaste framtid. Fjellstyret ynskjer å leggje ein heilskapleg plan, og tenkjer då at det vil vera meir fornuftig å utsette avgjersla med taket til ein har dette. Fjellstyret ynskjer å leige fagfolk til å prosjektere dette arbeidet. Muligheiten for å få støtte til tiltaka er også større før dei er sett i gong.



Vedtak

Tor Helge høyrer med snikker om det er forsvarleg å lappe taket midlertidig, og leiger i så tilfelle snikker til dette og til planlegging av utbetringa.

Sak 56/20: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte

Saksdokument:

Saksutgreiing:

- Fiskeutsettinga vert utsett til neste år. Delvis pga snøforhalda, men mest pga trøbbel med saksbehandlinga i fylkeskommunen.
- Avtalt med Georg Nonaas om at han lager ein tilstandsrapport over Gamlabua og Eriksbu i løpet av jakta.
- Vinduet i austenden av Gamlabua har fått skader på nedre vassbord. I tillegg er fleire av srossene slitt av i løpet av vinteren. Har diskutert med Myrheim, og kome fram til korleis dette skal reparerast. Utstyr er kjøpt inn, og me ser på moglegheita til å få fiksa dette. Vassbordet må fikstast før vinteren. Forsøker å få inn ein kasse med neste helikopter. Har fått signal som tydar på at me skal få utbeta dette på dugnad. Bør vurdere luka («skodde») på dette vinduet.
- Bytta kode på nøkkelboksane til Gamlabua og Eriksbu også. Båten på Øvsta Hedlevatnet er også vorte låst med kodelås – same kode.
- Tor Helge har handla inn diverse utstyr til hyttene på Biltema. Blant anna nye vassbytter og vassauser i rustfritt stål, i tillegg til diverse utstyr til å lage vinteropplag til båten på Holmavatnet.
- Det var ein dugnad i midten av juli i samband med båtopplaget på Holmavatnet. Deltakerane fekk sjølvsagt gratis overnatting og sponsa noko proviant.
- Fjellstyret har fått tillating til å disponere det eine låspunktet på låsen til Middyr heile året. Dvs me har i praksis fått bruksretten tilbake på vegen. Tor Helge føreslår likevel at me held denne vegen stengt som før. Dvs opnar den rett før jakta byrjar. To alternativ: bytte kode, eventuelt henge på systemlås. Problemet med systemlås er at me ikkje har kontroll på kvar nøklane har tatt vegen.
- Jon Hustoft (Ståvassvikja) kontakta meg i helga angående planar om utbetring av sauehegna ved Skyttarhytta. Han spurte om tillating til å køyre på massar i hegna, då denne vert veldig gjørmete. Mi vurdering var at dette ikkje er noko Fjellstyret har myndigheit til å gje tillating til, men at førespurnaden må sendast Statskog. Sekretær delte dette synet. Framgongsmåten då, vil vera at Statskog ber Fjellstyret kome med ein uttale til tiltaket. Tor Helge meiner at dette vil betre forholda for beitedyra, og ynskjer å få fullmakt til å kome med ein positiv uttale til tiltaket om dette skulle verte aktuelt før neste fjellstyremøte i oktober.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Vedtak

Styret tok orienteringa til vitande. Tor Helge får fullmakt til å gje ein positiv uttale til Statskog om eit eventuelt tiltak ved sauehegna til Sveigen beitelag ved Skyttarhytta på Haukeli.

